

Museumssenteret i Hordaland  
avd. Havrå  
5286 Haus  
tlf. 56390290/95914742

Hordaland fylkeskommune  
v/kultur- og idrettsavd.  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Havrå 18/11 2015

Dykker ref.:

Vår ref.: MAJ

## Rapport om bruk av tilskot til brakakledning på Smålandsløa på Havrå

Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå utførte arbeidet med istandsetjing av brakakledningen på Nordre gavelen på Smålandsløa (br. 68/9) på vegner av søker Kåre Havre, og vil difor rapportera på bruk av tilskotsmidlane.

Me gjer merksam på at tilskotet som vart løyvt i 2015 ikkje strakk til, og at me i samråd med HFK sendte inn søknad om tilleggsløyving for 2016, og fullførte arbeidet utan opphold. Dette er altså den endelege rapporten, og gjeld også for ei eventuell løyving i 2016.

Som det går fram av bileta i søknaden, var kledningen i svært dårlig stand, så alt av brakje og stenger vart bytt. Opplengjene var bra, så dei bytte me ikkje. Gavelen står i le, og har dei siste åra vore dekt av ei presenning, og dette har hindra drev inn i løa, og halde opplengjene tørre. Kåre Havre hadde sjølv laga til det me trong av stenger. Me studerte den gamle kledningen før me byrja å riva, og dokumenterte m.a. tettleik og bruk av fyllbrakje. Ettersom me har mykje erfaring med å bruka slike løer til sitt opphavlege formål, er det vår haldning at me bør kopiera den gamle kledningen så godt det let seg gjera. Vår erfaring er at nye veggar med mykje fyllbrakje vert for tette, og den gamle kledningen på Smålandsløa hadde knapt nok fyllbrakje, berre litt ved opplengjene.

Me klypte brakje i liene på austsida av Haverdalen, på to ulike stader. Det gjekk forholdsvis greitt å finna brakje til denne kledningen, men me ser at me lyt høgt til fjells, for det aller meste av brakje på garden er altfor grovvaksen. Mykje av brakjen er dessutan visna etter den seine vårfrosten for nokre år sidan. Tidsbruken på ein brakekledning vil nok for ein stor del vera avhengig av kor mykje tid ein må bruka på klypping og transport.

Me reiv litt og litt av den gamle kledningen etter kvart som me arbeidde oss oppover, og ettersteba å tre om lag like tett som den gamle kledningen var tredd. Siste delen oppunder vindskiene vart tredd etter at dei vart hengt på att.

Rekneskap:	Arbeidstid: 391 timer à kr 311	= 121 600 kr
	Utstyr:	= 600 kr
	Transport:	= 1 000 kr
	Overhead:	= 13 600 kr

**Til saman: 136 800 kr**



*Den gamle kledningen sett frå innsida.*



*Det same partiet til venstre i biletet. Ny kledning.*



Ved å riva gammal kledning etter kvart som ein trer den nye, har ein referansen framfor seg.



Ferdig arbeid.